

## Høyrings spørsmål

- Kva oppgåver kan og bør leggjast til merkantile stillingar? Andre oppgåver enn dei som går fram av oversikta?  
Oversynet under er i all hovudsak eit greitt oversyn. Vi har likevel nokre merknader:  
Eksamensadministrasjon – her trengs der ein fagleiar for eit oversyn over alt eksamensarbeid ved skulen. Vedkomande bør arbeide tett med merkantilt tilsette.  
Innkalling av vikarar kan godt skje frå merkantilt hald, del av resepsjonsarbeid etter godkjenning av avdelingsleiar.  
Informasjons- og marknadsføringsarbeid, kjem an på kva ein meiner med det. Men store dleer av dette må ligge på pedagogisk personale, om ikkje nødvendigvis på leiinga td- rådgjevar
- Korleis få til klare roller og klar ansvarsdeling mellom merkantilt tilsette og pedagogisk leing?  
Her er der klåre utfordringar, der vil truleg alltid vere gråsoner
- Korleis leggje til rette for god samhandling mellom merkantile tenester og pedagogisk leing?  
Godt samarbeid og tett dialog.

## Høyrings spørsmål

- Kva struktur vil vere tenleg for merkantile tenester på skular med ulik storleik?  
Her er det lett å sjå at ein har tenkt mest på dei sær store skulane. Alle skular vi ha eit basisset med oppgåver, og på midre skular vil det etter denne struktueren bli ei fordeling ved at få må kunne mykje. På større skular vil ein kunne ha ei større grad av spesialisering.
- Kor bindande bør merkantil struktur vere for skulane, status som rettleiande?  
Rettleiande
- Bør det vere rutine for godkjenning på skuleeigarnivået av merkantil struktur ved den enkelte skule?  
Det er truleg greitt, men det bør vere i samsvar med skulan sine definerte behov
- Kva tidsplan for gjennomføring kan vere realistisk? Innføring av ny struktur gradvis?  
Gradvis

## Høyrings spørsmål

- Korleis ser de behovet for stillingar i høve til skulestorleik?

<i>Tittel</i>	<i>Mellomstore skular</i>	<i>Store skular</i>	<i>Sær store skular</i>
Administrativ leiar	1	1	1
Spesialkonsulent/ Rådgiver		1	1
Førstekonsulent	1-1,5	2	1-3
Konsulent			
Lærning/Fagarbeidar			

## Høyrings spørsmål

- Kva kompetansekrav bør leggjast til grunn i høve til oppgåver som er lagt til / kan leggjast til ulike stillingar?

For mange av arbeidsoppgåvene vil eit fagbrev vere tilstrekkeleg. Dersom ein skal ha særleg ansvar for økonomi og /eller personaladministrasjon kan det vere trong for høgare kompetanse. Men i dag har mange kontortilsette gjennom lang erfaring opparbeidd ei omfattande realkompetanse som også bør verdsetjast.

### Høyrings spørsmål

- Kva kompetanseutvikling vil det vere det behov for?

Her vil alltid vere trong for oppdatering og kompetansehaving jfr innføring av Visma skoleadministrativt system.

Generelt vil eg peike på at der er mange «tilleggsoppgåver» som leiinga må ha oversyn over som der trengs støtte til å få utført på ein god og riktig måte : alt under HMTarbeid, miljøarbeid ( sertifisering etc), innkjøp ( avtaleverk og FINS), datasikkerhet, arkiv ved skulane etc.

Eg meiner at det er viktig å ha støttefunksjonar i skulen både i stab og merkantilt; fagleiar er ei viktig stabsrolle.

Voss gymnas

300415

Unn Fauskanger

rektor